



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Landbruks- og matdepartementet
Postboks 8007 Dep
0030 Oslo

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
		44101/2022	Bergljot Landstad, 71 28 02 13	25.03.2022

Innspel til utgreiing om BIONOVA.

Bionova - eit innovativt nasjonalt virkemiddel som bør organiserast som ein del av Innovasjon Norge - med lokalisering i ein region med god innovasjons-, kommersialiserings- og eksportkompetanse – og bidra til jamnare fordeling av statlege arbeidsplassar

Møre og Romsdal fylkeskommune meiner det er svært positivt at det i budsjettforliket er gjort vedtak om rask etablering av Bionova, og viser til formålet med Bionova, slik det framgår av budsjettforliket:

«Bionova skal bidra til utvikling av næringsvirksomhet i Norge, reduksjon i utslipp av klimagasser og særlig til binding av karbon. Bionova skal sikre utvikling av bioøkonomien knyttet til landbruk, skogbruk og havbruk, herunder også bidra til biobasert sirkulærøkonomi, økt selvforsyning av fôr i landbruk og havbruk og utvikling av løsninger for at avfall fra havbruksnæringen kan brukes som ressurs. Tiltak skal innrettes slik at det gir bønder med ulike driftsstørrelser og driftsformer i alle deler av landet en reell mulighet til å motta midler til klimatiltak på sin gård. Det skal som en del av utredningen vurderes om noen av dagens vikremidler kan legges inn under Bionova. Bionova finansieres utenfor jordbruksforhandlingene, og vil være et viktig virekemiddel for at jordbruket skal nå sine klimamål. Videre skal Bionova sikre økt verdiskaping og arbeidsplasser knyttet til bruk av biomasse i Norge. Det er et mål at Bionova skal være operativt fra andre halvår 2022.»

Regjeringa ber nå om innspel innan 30.03.22 på følgjande:

- Kva kjerneoppgåver bør Bionova ha?
- Kva utfordringar blir ikkje løyst med dagens virkemidlar?
- Korleis kan Bionova organiserast for best mogleg målretting av innsatsen og størst mogleg brukarvennligheit og kostnadseffektivitet?

Kva kjerneoppgåver bør Bionova ha?

- Bidra til finansiering av klimatiltak i landbruket på gardsnivå, men også fellesanlegg, t.d. for biogass.
- Bidra til å kople blå og grønn sektor slik at råstoff og restråstoff kan utnyttast betre og gi reduserte klimagassutslipp i ein sirkulær økonomi. Å knyte saman hav og land i biobaserte sirkulære løysingar er område der Norge både har innovative miljø og klare fortrinn. Med forsterka innsats kan ein her oppnå gode resultat knytt til karbonbinding, og utvikle ny eksport av produkt, teknologi og tenester.
- Bidra til å utvikle norske fôrråvarer basert på nye proteinkilder, eksempelvis frå alger, insekt, skog, fiskeri og havbruk.
- Bidra til innovasjon, herunder pilotutprøvingar, i samarbeid mellom næringsutøvarar og FoU-miljø.

- Bidra til nyskaping og å styrke små og store bruk med ulike produksjonar i heile landet.
- Utforme gode og forutsigbare søknadskriterier, der verdikjedeperspektivet er tydeleg. Informere, rettleie, ta imot og behandle søknader på ein effektiv og brukarvennleg måte.

Kva utfordringar blir ikkje løyst med dagens virkemidlar?

Innovasjon Norge har eigne virkemidlar til å dekke investeringar innan fornybar energi i landbruket. Men det er vanskeleg med desse ordningane å finansiere små og mellomstore fellesanlegg. Dette er ei utfordring då det er gjennom slike anlegg at ein får berekraftige løysingar i heile verdikjeda samtidig som ein oppnår ei akseptabel økonomisk avkastning.

Det er lite tilgjengelege midlar i dag, noko som gir få innvilga søknader og liten støtte per anlegg. Store bruk blir prioritert fordi dei store bruka si investering i fornybar energi gir størst bedriftsøkonomisk gevinst. Skal ein oppnå betydeleg effekt på klima og berekraft må det også gjevast støtte til investeringar med lågare økonomisk avkastning.

Det er for lite fokus på verdikjedetenking og sirkulærøkonomi i dagens tildelingskriterier i ulike ordningar. Verdikjedeperspektivet bør inn i tilskotskriteria.

For gardbrukarar som forsøker å etablere gardsbaserte energianlegg er det mange og ulike instansar å forhalde seg til, og til dels uklart regelverk. Departement bør i utreiinga gjennomgå dette og forenkle den byråkratiske prosessen frå ein ide oppstår til bygging av gardsbaserte anlegg kan starte.

Korleis kan Bionova organiserast for best mogleg målretting av innsatsen og størst mogleg brukarvennlighet og kostnadseffektivitet?

Det kan tenkast ulike alternative måtar å organisere Bionova:

- Ny statleg eining
- Del av Enova
- Del av Innovasjon Norge

I lys av tydelege tilbakemeldingar frå næringslivet om at virkemiddelapparatet er komplisert, bør Bionova ikkje etablerast som eit nytt organ som inneber meir oppsplitting av virkemiddelapparatet. Det må tenkast ei dør inn, og Bionova bør koplast til ein aktør som er kjent for søkerane og er tilstade i heile landet. Utfrå dette bør Bionova opprettast som ei eiga avdeling under Innovasjon Norge. Dette vil spare administrative kostnader då mange støttefunksjonar og strukturar allereie er på plass. Ved å legge dette til Innovasjon Norege vil ein enklare kunne vurdere ulike tiltak i samanheng for mål- og brukarretta løysingar.

Ved å etablere Bionova som ei avdeling i Innovasjon Norge vil ein nå ut i heile landet gjennom Innovasjon Norge sin desentraliserte struktur. Samtidig meiner vi det er viktig å bygge opp den nye avdelinga med god kompetanse på Bionova sine kjerneområde, lokalisert i eit distriktsområde med fagmiljø som kan forsterke kvarandre. Vi viser her til Regjeringa sitt tydelege mål og føringar om ei betre fordeling av statlege arbeidsplassar.

Møre og Romsdal fylkeskommune viser, i tillegg til dette innspelet, til fylkesordføraren sitt tidlegare brev til statsråden om Bionova, datert 13.12.2021. Fylkesordføraren ber om eit snarleg møte for å kunne utdjupe dette.

Med helsing

Tove-Lise Torve
Fylkesordførar

Dokumentet er elektronisk godkjent og krev derfor ikkje signatur